

Til redaksjonen



# Pressemelding

02.11.2023

## Krev statleg kompensasjon for auka kollektivutgifter og grøne hurtigbåtar

– Vestland fylkeskommune tek sin del. No må staten stilla opp, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Han har eit samla fylkesting i ryggen når det gjeld kravet til staten.

Fylkestinget vedtok 2. november ei fråsegn der dei ber staten kompensera fylkeskommunen for auka utgifter i kollektivsektoren frå 2022 i budsjettet for 2024. I same fråsegn ber dei om ei kompensasjonsordning for grøne hurtigbåtar som sikrar klimakutt og eit godt rutetilbod.

### Innovasjon kostar

– Vestland er i front på klimakutt, og vi har teke risiko for å kutta utslepp innan kollektivtrafikk, ferjer og no hurtigbåtar. Men det kostar å vera framoverlent og ta i bruk ny teknologi. Gevinsten i form av innovasjon, ny teknologi og store klimagasskutt gjer det verdt det.

Men no krev vi at staten kjem på bana og blir med på spleiselaget, seier Askeland.

Fylkestingspolitikarane er også opptekne av dei auka utgiftene i kollektivsektoren. Prisauke er noko av grunnen til at drifta har vorte dyrare. Regjeringa kompenserte for meirutgiftene i 2023, og fylkestinget ber no om at etterslepet frå 2022 blir kompensert i neste års budsjett.

[Les heile fråsegna på nettsida til Vestland fylkeskommune.](#)

Kontaktperson

Jon Askeland, fylkesordførar, 47 45 97 20, [jon.askeland@vlfk.no](mailto:jon.askeland@vlfk.no)